

Til prestar i Bjørgvin bispedøme

ORDNING FOR BRUK AV MOBILTELEFON I TENESTA

Bjørgvin bispedømeråd har valgt å endra mobiltelefonoperatør frå NetCom til Ventelo. Ventelo har avtale med KNIF – Kristen Norges Innkjøpsfelleskap. Avtalen vart inngått hausten 2009 og varer i 2 år.

Med denne avtalen vil vi gjennomføra den prossessen som starta i 2006: Alle prestar som er med i beredskap **må** inn på denne avtalen. Dette er drøfta i fagforeiningane, første gong i 2006, så i 2009 i samband med ny avtale med Ventelo. Prestar som ikkje er med i beredskapsordninga må også knytta seg til avtalen om dei gjer krav på telefongodtgjersle.

Formålet med ordninga er:

- Gratis trafikk mellom alle som er med på ordninga. Vi får meir ringetid for telefongodtgjersla vi legg ut.
- Enklare administrasjon for presten. Han/ho slepp å senda inn krav om telefongodtgjersle.
- Enklare administrasjon for bispedømekontoret.
- Beredskapsordninga vert handtert utan at vi nyttar prostesekretærressursar.

Ny handtering av beredskapsordninga

Beredskapsnummeret vil vera det same som tidlegare. Mobiltelefonordninga skal handterast av dei som er med i den. Alle som er med i ei beredskapsgruppe skal ringja opp eit gruppenummer for å handtera beredskapsnummeret. Tidspunktet frå når dette vil gjelda må vi avtala med det enkelte prosti, det avheng av at samtlege som er med på beredskap må ha eit Ventelo bedriftsabonnement. Inntil nærare melding vert gjeve handterast beredskap slik som i dag.

Val for den enkelte prest

Prestar som i dag har eit privat mobilabonnement, må ta stilling til om dei vil behalda mobilnummeret og føra det over til Ventelo abonnement. Alternativet er at vi opprettar eit nytt Ventelo abonnement som ein nyttar i tenesta. Dersom du vil overføre ditt privatabonnement til Ventelo med juridisk eigar Bjørgvin bispedøme, nyttar du skjema "Fra privat til bedrift". Skjema finn du på vår heimeside

www.kirken.no/bjorgvin

Under meny Regelverk og skjema finn du Mobilavtalen. Klikk deg inn der og du finn nemnde skjema, eventuelt ta kontakt med kontaktpersonene ved bispekontoret, sjå siste avsnitt. Skjema sendes til bispedømekontoret, pr post eller som vedlegg til mail. Ved mail ber vi om at de nyttar e-postadressa til bispedømekontoret:

bjorgvin.bdr@kyrkja.no

om ikkje anna er avtala med ein av kontaktpersonane.

Dersom du vil ha oppretta eit heilt nytt Ventelo abonnement, tar du kontakt med ein av kontaktpersonane ved bispedømekontoret.

Telefongodtgjersle

Bjørgvin bispedøme yter kr 800,- pr kvartal i telefongodtgjersle til sine tilsette. I den grad telefonrekninga for dette abonnementet overstig kr 800,- pr kvartal, vil det gå faktura til brukaren (presten).

Skattemessige konsekvensar

I 2005 kom det nye skattereglar som omhandlar skattlegging av fri telefon. Bjørgvin bispedøme må forhalda seg til dei til einkvar tid gjeldande skattereglar. Nærare om skattlegginga finn ein bl.a. i rettleiinga til sjølmeldinga.

Pr dags dato er dei som følgjer:

Skattefritt beløp er kr 1.000 pr år.

Eksempel 1: Du har ei total rekning på din beredskapstelefon på kr 3.000. Arbeidsgjevar har dekkja den totale utgifta.

<i>Dekka</i>	<i>kr 3.000,-</i>
<i>- Skattefritt beløp</i>	<i><u>kr 1.000,-</u></i>
<i>= Skattepliktig fordel</i>	<i><u>kr 2.000,-</u></i>

Eksempel 2: Du har ei total telefonrekning på kr 7.000. Arbeidsgjevar har dekkja kr 3.200. Presten sin eigenbetaling vert kr 3.800.

<i>Dekka (4x800)</i>	<i>kr 3.200,-</i>
<i>-Skattefritt beløp</i>	<i><u>kr 1.000,-</u></i>
<i>=Rest</i>	<i>kr 2.200,-</i>
<i>- Arbeidstakers eigenbetaling</i>	<i><u>kr 3.800,-</u></i>
<i>=Skattepliktig fordel</i>	<i>0,-</i>

Paradoksalt nok så ser ein at når ein får høgare telefonrekning så vert skattepliktig fordel redusert. Når arbeidstakar dekkjer delar av kostnadane sjøl, skal denne andelen redusera den skattemessige andelen krone for krone, jfr eksempel 2. Av eksempel 2 ser vi at det ikkje er nokon ulempe å nytta telefonen til privat bruk. Bjørgvin bispedøme vil alltid følgja skattereglane og innrapportera di totale utgift på mobiltelefonen og kva du har fått i telefongodtgjersle. Dette vil koma fram på årsoppgåva di omtala som Elektronisk kommunikasjon.

Prisar

Bjørgvin bispedøme sitt bedriftsabonnement har to prislistar:

1. Priser med subsidiering av telefon
2. Priser uten subsidiering av telefon

1.1. Av abonnementsvilkåra kan vi nemna:

- Abonnement pr mnd kr 67,-
- Samtalepris pr min kr 0,39
- Samtalepris til bedriftens mobiler kr 0
- SMS kr 0,39

2.1. Av abonnementsvilkåra kan vi nemna:

- Abonnement pr mnd kr 36,-

Tap av mobiltelefon

Tap av mobiltelefon meldast direkte til Ventelo

Supporttelefon: 04500

Sluttar i tenesta / går over til annan arbeidsgjevar

Dersom du sluttar i tenesta eller går over til annan arbeidsgjevar kan du ta med deg det mobilnummeret du har nytta. Ta kontakt med ein av kontaktpersonane ved bispedømekontoret når det er aktuelt.

VENTELO PRIVATAVTALE - Fri familie

Samlar du familiens mobilabonnement i Ventelo Familie kan alle i familien ringe og sende SMS kostnadsfritt til kvarandre. Som tilsett ved Bjørgvin bispedøme får du fordel av at vi har KNIF avtale.

Tilleggsnummer

Ventelo Familie-kunder har mulighet til å registrere opptil to eksterne mobilnumre i avtalen i tillegg til dei vanlege fem mobilabonnementene. Samtaler frå Familie-abonnement og til desse numra kostar kr 0,-. Føresetnaden for tenesta er at det første mobilnummeret som vert registrert i tilleggslista er eit aktivt bedriftsabonnement frå Ventelo. Når dette kravet er oppfylt står kunden fritt til å registrere eit mobilnummer til, uavhengig av operatør. Samtalar til dette uavhengige mobilnummeret kostar også kr 0,-.

NB: Telefonsamtalar frå dei registrerte bedriftsabonnemента og inn til medlemmane i Ventelo Familie vil verta belasta på vanleg måte.

Spesielle vilkår for Ventelo Familie

Vilkåra for Ventelo Familie gjeld i tillegg til Ventelos generelle abonnementsvilkår. Ventelo Familie kan bestå av minimum to, og maksimum fem mobilabonnement. I tillegg kan også eitt BluePhone-abonnement (IP telefoni) og eitt fasttelefonabonnement knyttas til denne avtalen. Dermed ringer alle i Ventelo Familie kostnadsfritt til og frå heimen. Familien får ein felles faktura og får dermed full oversikt over mobilforbruken til familien.

Vilkåra for den type abonnement finn du på; www.ventelo.no/spesialavtaler/KNIF

For å bestille Ventelo Familie eller leggja til fleire nummer i tenesta, kontakt Ventelo på **tlf 04600**. Hugs å referer til KNIF avtalen i samtalen med kundesenteret til Ventelo.

Andre lokale kyrkjelege råd/ kontor med KNIF avtale

Med KNIF bedriftsavtale ringjer vi gratis til andre med KNIF bedriftsavtaleavtale. Eit fellesråd som har Ventelo bedriftsavtale ringjer gratis til samtlege som er inne på Bjørgvin bispedøme sin bedriftsavtale.

Kontaktpersonar ved Bjørgvin bispedøme

Solfrid Rong – økonomirådgjevar – tlf dir: 5530 6483, e-post: sro@kyrkja.no

Bjørg Lutnæs – lønskonsulent – tlf dir: 5530 6482, e-post: bjl@kyrkja.no

Christer Olsen – personalrådgjevar – tlf dir: 5530 6476, e-post: cho@kyrkja.no

Bjørgvin bispedøme, 28.05.10

Helge Taranrød
Stiftsdirektør

Solfrid Rong
Rådgjevar økonomi og IKT